



Fredrik Lingjerde  
Lonerenen 63i  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1094 - 15/9128

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
07.05.2015

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Flatøy, gbnr 1/62.

### Administrativt vedtak. Saknr: 154/2015

#### Saksutgreiing:

Det vert i søknad, motteke 10.04.2015, søkt om utsleppsløyve (5pe) for ein fritidsbustad på gbnr 1/62 på Flatøy, i samband med at det skal installerast vassklosett. Eigedommen har frå før berre utslepp for gråvatn til terreng på eigedommen.

Eigedommen er tilknytt kommunalt vassverk.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast med slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i lukka leidning 20 meter ut i sjø (Salhusfjorden), og 10 meter under middel vasstand.

For at avlaupsleidningen skal bli minst mogeleg synleg frå sjøsida vert denne lagt gjennom eigaren sitt naust og ut i sjøen framfor naustet i ei kløft/kanal , jf situasjonskart motteke 10.04.2015.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Det ligg føre erklæring som gjev eigedommen rett til å leggja leidningen over gbnr 1/14 slik kartet viser.

#### Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i mehald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Det må søkjast Bergen og Omland Havnevesen om løyve til å leggja leidningen ut i sjø.

Tiltaket er søknadpliktig etter plan- og bygningslova og arbeidet må ikkje setjast i gang før slikt løyve ligg føre.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsleppsløyve, 5pe, for ein fritidsbustad på Flatøy, gbnr 1/62, i samsvar med søknad motteke 10.04.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning til sjø og minimum 10 meter under middel vassstand.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømast med slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
5. Det må liggja føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen.

Tiltaket er søknadpliktig etter plan- og bygningslova og arbeidet må ikkje setjast i gang før slikt løyve ligg føre.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Utslepp 1-62

### Mottakere:

Fredrik Lingjerde

Lonerenen 63i

5918

FREKHAUG